


Samnanger kommune
Tyssevegen 217
5650 TYSSE

Dato	12.04.2023
Vår referanse	2023/57117-2
Dykkar referanse	
Sakshandsamar	Endre Korsøen
E-post	Endre.Korsoen@vlfk.no
Telefon	91764632

Quatro Laks AS - Søknad om endring av fortøyingspunkt for anlegg for oppdrett av matfisk av laks og aure på lokalitet 13020 Nygård i Samnanger kommune

Vestland fylkeskommune viser til søknad motteke 05.04.2023 frå Quatro Laks AS om endring av fortøyingspunkt for anlegg for oppdrett av matfisk av laks og aure på lokalitet 13020 Nygård i Samnanger kommune.

Søknaden gjeld berre endring av dei vestlege fortøyingspunkt for anlegget. I kartet under er omsøkt plassering fortøyingspunkt vist med blåline. Fortøyingspunkt er planlagt etablert 10-30 meter under vassoverflata.



Lokalitet 13020 Nygård er klarert for ein maksimalt tillaten biomasse på 2340 tonn. Det vert ikkje søkt om endring i maksimalt tillaten biomasse eller plassering av anlegget. Produksjonskapasiteten på lokaliteten blir soleis uendra, og vil framleis vera 2340 tonn.

Som bakgrunn for søknaden oppgjev Quatro Laks AS mellom anna:

« AkerBP og Equinor planlegger å forsyne norsk sokkel (feltene NOA og Krafla) med landstrøm. Det er derfor under planlegging å legge en sjøkabel som vil føre landstrøm ut til disse feltene. Den planlagte traseen for sjøkabelen vil komme i konflikt med de vestlige forankringene til Quatro Laks AS lokalitet 13020 Nygård. Quatro Laks AS søker derfor om å få flytte disse

Postadresse	Telefon	E-post	Heimeside	EHF-Fakturaadr.	Organisasjonsnr.
Postboks 7900 5020 Bergen	05557	post@vlfk.no	www.vestlandfylke.no	821311632	821 311 632

forankringene slik at det blir plass til sjøkabelen. Operasjonen er planlagt i to etapper der de vestlige ankerfestene først flyttes noe øst for å gi plass til legging og sikring av sjøkabelen. Deretter etableres ankerfestene vest for sjøkabelen der de vil ha sitt endelige forankringspunkt.»

I kommuneplan for Samnanger ligg areal for plassering av anlegg og fôrflåte i område avsett til akvakultur. Fortøyinga vil delvis gå inn i areal avsett til bruk og vern av sjø og vassdrag. Dette føremålet er ikkje til hinder for naudsynt fortøying av anlegg for akvakultur.

Tiltaket fell inn under forskrift om konsekvensutgreiingar. Søknaden skal då handsamast etter § 10 i forskrifta. Sådanne vedlegg II-tiltak kan berre påleggast «supplerande utgreiingar» dersom det er venta at tiltaket vil få vesentlege verknader som ikkje allereie er gjort greie for i søknaden.

Fylkeskommunen si vurdering er at miljødokumentasjonen i søknaden gir godt nok grunnlag for å vurdere om tiltaket får vesentleg verknad for miljø og samfunn, jf. vedlegg III i forskrifta. Dersom berørte partar meiner tiltaket kan få vesentlege verknader, og desse verknadane ikkje allereie er tilfredsstillande gjort greie for i søknaden, må dette meldast til fylkeskommunen innan 4 veker etter kunngjering. Vi minner om at det er fagmyndighetene for dei respektive kriteria i vedlegg III som skal vurdere om dei meiner tiltaket kan få vesentlege verknader innanfor sitt område og eventuelt melde dette inn til fylkeskommunen. Det skal konkretiserast kva forhold som bør utgreiast nærmare.

Offentleg utlysing og kommunal uttale

Vestland fylkeskommune ber om at Samnanger kommune vurderer søknaden, samt legg søknaden ut til offentlig ettersyn, i samråd med søkjar, i ein periode på 4 veker. Søknaden skal i denne samanheng annonserast i Norsk Lysingsblad og to aviser som er vanleg lest i området (jf. *Forskrift av 22.12.2004 nr. 1798 om tillatelse til akvakultur for laks, ørret og regnbueørret § 8*). Faktura for annonseutgifter kan sendast til søkjar.

Eventuelle merknader frå offentlig ettersyn og kommunen sin uttale, ber ein om vert send til Vestland fylkeskommune snarast råd.

Dersom noko er uklart i samband med handsaming av søknaden, ber vi om at De tek kontakt.

Endre Korsøen
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi: Quatro Laks AS

Saksgang ved søknad om lokalitet

